

STRANDA KOMMUNE
Kontrollutvalet

MØTEINNKALLING

Kopi til: Ordføreren
Revisor
Rådmannen

Medlemene av
Kontrollutvalet

INNKALLING TIL MØTE I STRANDA KONTROLLUTVAL

Det blir med dette kalla inn til møte i kontrollutvalet

tirsdag, 15.03.2011 kl. 16.05 i Rådhuskjellaren

SAKLISTE:

- Sak 07/11 - Godkjenning av møtebok frå møte 22. februar 2011
- ” 03/11 - Utsett sak - Oppfølging av tidlegare behandla rapportar gjeldande forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar
- ” 05/11 - Utsett sak - Kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stranda kommune
- ” 08/11 - Forslag til reglement for høyringar i kontrollutvalet med retningsliner

Dersom det er vanskeleg å møte, gje melding på telefon 70 17 21 58 eller 97 60 57 83 til dagleg leiar eller e-post kontrollutval@kontrollutval.no

Inge Gjærde
leiar
(sign.)

KONTROLLUTVALET I STRANDA KOMMUNE

MØTEBOK

Møtedato 22.02. 2011 kl. 17.00
Møtestad: Øynasenteret, Høgda

Møtet vart leia av: Inge Gjærde

Elles til stades: Per Berge, Kari Johansen og Magnar Furset
= **4 voterande**

Hildegunn Brune og Arne Ola Stavsen hadde meldt forfall.

Magnar Furset møtte som varamedlem øvrige varamedlem var av ulike grunnar ikkje lenger tilgjengelege for kontrollutvalet slik som flytting frå kommunen og verv som ikkje kan kombinerast med medlemskap i kontrollutvalet.

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte:

Dagleg leiar Harald Rogne

Frå kommunerevisjonen møtte:

Dagleg leiar Kjetil Bjørnsen

Det møtte ingen frå Stranda Kommune.

Det kom ikkje fram merknader til innkalling eller sakliste.

SAK 01/11 GODKJENNING AV MØTEBOK FRÅ MØTE 10. DESEMBER 2010

Ved gjennomgangen av møteboka vart opplysningar gitt i sak 23/10 om tertialrapportane drøfta. Desse gjekk ut på at kommunen sin rekneskap ville gå omtrent i balanse, medan det no låg an til eit underskot på om lag 5,5 mill. kroner.

Også kommunen si oppfølging av sak 22/10 om budsjettering og rekneskapsføring av investeringar vart drøfta.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå møte 10. desember 2010 blir godkjent.

SAK 02/11
ÅRSMELDING STRANDA KONTROLLUTVAL 2010

Saksdokument datert 15.02.2011 frå kontrollutvalsekretariatet.

Etter korrigering av feil årstal på side 1 i forslag til årsmelding starta behandlinga.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Det framlagt forslaget til årsmelding blir vedteke som årsmelding 2010 for Stranda kontrollutval.

SAK 03/11
OPPFØLGING AV TIDLEGARE BEHANDLA RAPPORTAR GJELDANDE FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROLLAR

Det var bedt om orientering frå administrasjonen i denne saka, men ingen frå administrasjonen møtte.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Saka blir å utsette til neste møte.

SAK 04/11
ANDRE PROSJEKT INNAN FORVALTNINGSREVISJON

Dagleg leiar i kommunerevisjonen orienterte om at målsettinga var å få desse utarbeidd i løpet av våren 2011.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tek saka til orientering.

SAK 05/11
KONTROLLRAPPORT VEDKOMANDE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN I STRANDA KOMMUNE. (MED ATTERHALD OM AT RAPPORTEN FRÅ SKATTEETATEN KJEM FRAM TIDSNOK)

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

På bakgrunn av at dokumenta frå skatteetaten ikkje kom tidsnok, blir saka utsett til neste møte.

SAK 06/11
OM OPNE MØTE I KONTROLLUTVAL

Saksdokument frå kontrollutvalsekretariatet datert 15.02.2010.

Under drøftingane kom det forslag frå Inge Gjerde om å legge fram eit forslag til reglement som inneber reglar for opne høyringar.

Det blir teke sikte på nytt møte 15. Mars.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

1. Kontrollutvalet tek eINFO 10/23 til orientering. Dette vart samrøystes vedteke
2. Kontrollutvalet ber om at det til neste møte blir lagt frå eit reglement for kontrollutvalet som inkluderer opne høyringar. Dette vart vedteke med 3 mot ei stemme.

Inge Gjerde
leiar
(sign.)

Per Berge
medlem
(sign.)

Kari Johansen
medlem
(sign.)

Magnar Furset
varamedlem
(sign.)

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 15.02.2011

**SAK 03/11
OPPFØLGING AV TIDLEGARE BEHANDLA RAPPORTAR INNAN
FORVALTNINGSREVISJON OG SELSKAPSKONTROL**

Av forvaltningsrevisjonsrapportane og rapporten om selskapskontroll i denne valperioden har kontrollutvalet hatt oppfølging av *ein* rapport og det er rapporten om VAR-området som er den eldste. Etter § 12 i kontrollutvalforskrifta skal kontrollutvalet følgje opp at kommunestyret si behandling av slike rapportar blir etterkomne.

Rådmannen har blitt bedt om å gjere greie for kva tiltak kommunen har sett i verk for å oppfylle kommunestyret sine vedtak i desse sakene.

I sak 32/08 i møte 16.12.2008, som gjaldt oppfølging av VAR-området i Stranda kommune, vart slik saksutgreiing førelagt kontrollutvalet:

Kontrollutvalet behandla revisjonsrapporten om sjølvkostprinsippet innan VAR – området i Stranda kommune 11.03.2008 i sak 09/08. Rapporten tok opp relativt mange forhold og kontrollutvalet prioriterte dei viktigaste forholda i si behandling. Vedtaket i kontrollutvalet ga grunnlaget for kommunestyret si vidare behandling av saka. Vedtaket lydde slik:

1. *Sjølvkostkalkylene innan avgiftsområda må kvalitetskrast gjennom etablering av gode rutinar knytt til rekneskap, saksbehandling og dokumentasjon av berekningane som ivaretek følgjande:*
2.
 - *Skiljet mellom drift og investering i rekneskapen*
 - *Eigne fullstendige kalkylar og fond for kvart sjølvkostområde*
 - *Godskriving av sjølvkostfonda med kalkulatoriske renter*
 - *Sørge for god informasjon om kostnader og inntekter knytt til tenestene*
 - *Beslutningsgrunnlaget for vedtak om størrelsen på avgiftene må vere tilstrekkeleg utgreidd og opplyst.*
3. *Påviste og avklara feil må rettast opp gjennom regulering av sjølvkostfonda.*

I sak 025/08 den 26.03.2008 gjorde kommunestyret eit likelydande vedtak når det gjeld pkt. 1. Pkt. 2 i kommunestyret sitt vedtak lydde slik:

- *Påvist og avklara feil gjeldande avgiftsinnkreving skal rettast opp*
- *Feilaktig innkrevd avgift skal tilbakeførast innbyggjarane, frå og med 2005*
- *Dei årlege kostnadane med dette skal dekkast opp gjennom låneopptak, jamt. gjeldande retningslinjer*
- *Rådmannen vert pålagt å rapportere attende til kommunestyret status for gjennomføringa av dette vedtak, i kommunestyret den 28.05.2008*

I sak 060/2008 den 10.09.2008 vedtok kommunestyret med visnad til kommunestyresak 025/2008 å sende saka tilbake til administrasjonen med pålegg om å gjennomføre vedtaket i tråd med kommunestyresak 025/2008 med frist for gjennomføring 22.10.2008.

I kommunestyresak 078/08 den 22.10.2008 blir det gjort slikt vedtak:

1. Det blir tatt opp eit lån på kr 4 339 150 til finansiering av VAR i perioden 2005-2007. Rådmannen får fullmakt til å godkjenne lånevilkåra.
2. Kr 4 339 150 brukt av fond i perioden 2005-2007 vert tilbakeført til fond VAR i 2008.
3. Det vert vedtatt fylgjande budsjettendringar for 2008:

39100.9010.8700 finansiering	- 4 339 150
35500.6010.6010 Avsetning til fond vatn	+ 2 282 858
35500.6010.6030 Avsetning til fond avløp	+ 2 056 292
4. Stranda kommune skal ha ein sjølvkost på 100% for VAR vatn og avlaup gjeldande frå år 2009.

Kontrollutvalet behandla ei oppfølging av VAR – saka 16.09.2008 i sak 22/08 og fatta slikt samrøystes vedtak:

1. Kontrollutvalet sluttar seg til konklusjonane i brev datert 04.09.2008 frå kommunerevisjonen til Stranda kommunestyre.
2. Kontrollutvalet vil be rådmannen om at det i ny sak om oppfølging av VAR-rapporten i samsvar med utsettingsvedtaket i KOM-sak 060/08, blir gitt ein samla oversikt over kor langt kommunen har kome i oppretting av dei feila som rapporten påviser (jf. pkt 1-4 i saksutgreiinga).

Punkt 1 - 4 i saksutgreiinga lyder slik:

1. Stranda kommune har indirekte finansiert investeringstiltak gjennom bruk av fond. Dette er eit klart brot på sjølvkostprinsippet og generasjonsprinsippet. Det inneber at abonnentane i 2006 er belasta med utgifter til tiltak som abonnentar dei næraste 40 åra skulle ha delt på kostnadane for.
2. Stranda kommune har hatt store sjølvkostfond som ikkje er godskrivne med kalkulatoriske renter. Slik har sjølvkostfonda fungert som rentefrie lån frå abonnentane til kommunen.”
3. Det går også fram at det er store avvik mellom kapitalkostnadsgrunnlaget som er lagt inn i reknemodellen og tala i investeringsrekneskapen. I 2003 og 2004 er budsjetterte investeringar lagt inn som kapitalkostnadsgrunnlag og for begge åra sett under eitt utgjer budsjetterte utgifter nærare 8,6 mill. kroner meir enn faktiske netto investeringsutgifter. Gebyrgrunnlaget i 2005 og 2006 er soleis belasta med kapitalkostnadar som ikkje er gjennomført.
4. Det går også fram at Stranda kommune sine sjølvkostfond auka sterkt til og med 2004, og at kommunen for alvor starta å bruke av fond i 2006. Behaldninga i sjølvkostfond ved utgangen av år 2000 på 3,9 mill. kroner skulle vore brukt til å dekkje underskot innan utgangen av 2005. 3-5 årsregelen for framføring av overskot er dermed ikkje overhalden.

Etter kontrollutvalforskrifta § 12 skal kontrollutvalet følgje opp at kommunestyret si behandling av forvaltningsrevisjonsrapportar blir etterkomne.

Kommunen si saksbehandling

Eit fellestrekk ved administrasjonen sine saksframlegg når det gjeld VAR – området både før og etter revisjonsrapporten, har vore at dei inneheld lite saksframstilling, dokumentasjon og drøfting av prinsipielle forhold. Ettersom det no er fatta vedtak av kompetent organ gjeldande mange av dei forholda som revisjonsrapporten tek opp, blir det prioritert å fokusere på kvalitetssikring av framtidig saksbehandling.

I dette perspektivet bør fylgjande vektleggast:

- Skape tillit mellom kommunen og innbyggerane
- Vektlegge etiske spørsmål
- Sikre sjølvkostfond eldre enn 5 år mot feilaktig bruk som mellom anna underskotsdekning.
- Korrekt etterleving av lover, forskrifter og rekneskapsstandardar på området

Dei kommunale avgiftsgebyra for 2009 vart behandla i kommunestyremøte 12.11.2008. I saksutgreiinga vedkomande vatn og avløp kjem det ikkje fram korleis avgiftsnivået er utrekna. Det blir vist til gjeldande regelverk på området som slår fast at det er krav til dokumentasjon og kalkylar.

I revisjonsrapporten står følgjande om dei tidlegare åra:

Rådmannen sine saksutgreiingar i samband med gebyrfastsetjinga inneheld ikkje opplysningar som gir høve til å vurdere om gebyrinntektene overstige kostnadene ved framstilling av tenestene. Vår vurdering er at kommunestyret sitt avgjerdsgrunnlag ved fastsetjing av gebyra for 2006 ikkje var tilstrekkeleg.

Det går vidare fram:

Rådmannen må sørge for at den informasjon som ligg til grunn når kommunestyret fastset storleiken på gebyra er tilstrekkeleg til å kunne vurdere om gebyrinntektene vil overstige kostnadene, også sett i ein 3 – 5 års periode. Det vert vist til kl. § 23 om administrasjonssjefen sine oppgåver og mynde.

Det blir her vist til Forskrift om begrensning av forurensing §§ 16-1 og 11-1.

Dersom det frå administrasjonen si side er utarbeidd dokumentasjon for 2009 og komande år, burde noko av denne informasjon ha vore med i saksutgreiinga. Det blir forøvrig vist til forvaltningsrevisjonsrapporten om praktisering av sjølvkostprinsippet i Stranda kommune der det same problemet var eit gjennomgåande tema. Det er eit viktig signal å etterleve dei korrektiva som kjem fram i revisjonsrapporten.

Det vart fatta slikt vedtak:

1. Kontrollutvalet ber rådmannen arbeide vidare med å betre praktiseringa av sjølvkostprinsippet for VAR – området i Stranda kommune i samsvar med dei krava som kjem fram i revisjonsrapporten.
2. Kontrollutvalet ber om å få seg førelagt dokumentasjon for kostnader lagt inn i sjølvkostkalkylene for 2009 og komande år.

Punkt 1 og 2 ovanfor har kontrollutvalet ikkje motteke tilbakemelding på.

Selskapskontroll

Rapport om selskapskontroll vart behandla i kontrollutvalet 24.02.2009 i sak 03/09.

Presentasjon av rapport vart gitt av partner Øyvind Sunde og leder offentlig revisjon Bjørn Bråten frå BDO Noraudit Oslo DA

Frå saksutgreiinga kjem følgjande fram:

”Rapporten listar opp kommunestyrevedtaka som låg til grunn for bestillinga av rapporten. Vidare drøftar rapporten 7 problemstillingar og kvar problemstilling er inndelt i 3 delar:

- Vurderingskriteriar
- Fakta og vurderingar
- Konklusjon

Nedanfor er det knytt kommentarar til problemstilling 1, 2 og 7 ettersom det er desse som har det største forbetringspotensialet. For dei øvrige problemstillingane blir det vist til rapporten.

Problemstilling 1 og 2: Fører kommunen kontroll med eigarinteressene sine i selskapa. Mottek kommunestyret tilstrekkeleg og dekkjande informasjon om selskapa?

Ein del av konklusjonen for problemstilling 1 og 2 er at manglande iverksetting av prinsippa i eigarstrategiane medfører at kommunestyret i liten grad mottek informasjon om selskapa gjennom året.

Problemstilling 7: Har selskapa ei effektiv og økonomisk forsvarleg drift?

Når det gjeld Stranda Energiverk AS kjem det fram at det økonomiske resultatet er vesentleg lågare enn forventningane i eigarstrategien for 2008 og framover. Lånegjelda i Stranda Eigedomsselskap AS er svært høg og eigarstrategien om å legge til rette for utbytte er ikkje oppnådd i 2007. Svemorka Næringsbygg har motteke konsernbidrag.

*Rapporten blir avslutta med anbefalingar og kommentarar.
Prioritert rekkefølge på tilrådde forbetringstiltak er denne:*

*Gruppe 1: Informasjons- og rapporteringsrutinar (dialog)
Plassere administrativt ansvar for eigarutøving*

*Gruppe 2: Oppfølging av selskapa sin økonomi
Løpande informasjon frå selskapa
Ta i bruk styrevervregisteret
Årleg eigarmelding til kommunestyret
Revisjon av eigarskapsmeldinga
Drøfte realismen i avkastnings- og utbyttekrav
Drøfte praktiseringa av tilbakeføringa av næringsbygg
Skilje ut/selje eigedom som er leigd ut*

Gruppe 3: Oversikt over eigarskapet i årsmeldinga

Rapporten har vore til høyring hos dei som har høve til å uttale seg. Det har ikkje kome vesentlege merknader til rapporten.

Tidlegare rapport om selskapskontroll frå 2007 vart utarbeidd på eit tidspunkt før kommunen for alvor sette selskapskontrollen på dagsorden. Fleire forhold i den rapporten er det oppstarta arbeid med. Dette saman med alderen på rapporten gjer at denne ikkje blir lagt fram.”

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling til kommunestyret lydte slik:

Det blir vist til dei forbetringstiltaka som kjem fram i saksutgreiinga ovanfor under gruppe 1, 2 og 3, og kommunestyret ber om at det blir sett i gang arbeid med å utføre desse.

Saka vart seinare behandla i kommunestyret som slutta seg til innstillinga frå kontrollutvalet med ei tilføyning om at arbeidet med oppfølging skulle starte i løpet av 2009.

Lånegjeld

Lånegjelda har vore behandla i to rapportar. I sak 07/10 vart ein forvaltningsrevisjonsrapport (eit forprosjekt) om lånegjeld opp i mot økonomisk bærekraft og tenesteproduksjon behandla.

Kontrollutvalet ga slik samrøystes innstilling over for kommunestyret:

1. *Kommunestyret tek rapporten om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til orientering.*

2. *Kommunestyret ber om at det i arbeidet med budsjett og økonomiplan blir innarbeidd i desse konsekvensar av investeringsprogrammet til kommunen og konsekvensar av redusert meirverdiavgiftkompensasjon for å hindre ubalanse i økonomiplanen.*
3. *Kommunestyret ber også om kvalitetssikring av prognosar og økonomisk saksbehandling som gjeld den generelle økonomiske utviklinga i kommunen.*

Kontrollutvalet gjorde vidare følgjande samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet viser til vedtak i sak 02/10 – tema for forvaltningsrevisjon pkt. 1 og 2. Kontrollutvalet vedtek å utvide forprosjektet om lånegjeld, økonomisk berekraft og tenesteproduksjon til ein fullskala forvaltningsrevisjon. Mandatet blir utvida i samsvar med tilrådingane i forprosjektet sitt kapittel 4 med følgjande tema:

- *Kostra-tal for tenesteproduksjon/netto driftsresultat*
- *Kommunale føretak – konsernrisiko*
- *Finansiell analyse av balanse m.a. finansielle egedelar*
- *Sjølvfinansierande gjeld*
- *Konsekvensar av renteendringar*
- *Finansreglement*

Justeringar av mandatet kan gjerast undervegs i samråd med kontrollutvalet. Endeleg rapport skal ligge føre innan utgangen av september, slik at dokumentet kan nyttast ved førebuing av budsjett 2011 og økonomiplan 2011 – 2014.

I sak 18/10 behandla kontrollutvalet endeleg rapport om lånegjelda om same tema:

Kontrollutvalet si samrøystes innstilling lydte slik:

1. *Kommunestyret tek forvaltningsrevisjonsrapport nr. 08/10 til orientering.*
2. *Kommunestyret ber om at dei problemstillingane som rapporten tek opp blir gitt nødvendig prioritet. Dette gjeld også dei utfordringane og problemstillingane som må finne sin konklusjon gjennom politiske vedtak, mellom anna:*
 - a) *Innarbeide konsekvensane av kapitalkostnadene som gjeld planlagte investeringar i økonomiplanperioden og konsekvensane av redusert meirverdiavgiftkompensasjon, slik at ein har ein økonomiplan i reell balanse.*
 - b) *Vurdere jamnlege stresstestar på finansutgiftene for å halde seg oppdatert på risiko og mulige meirutgifter.*
 - c) *Det bør vurderast å gjere risikoanalyser knytt til økonomi i kommunale føretak og kommunale selskap.*

Kontrollutvalet sine innstillingar til vedtak i begge lånegjeldsrapportane vart vedtekne av kommunestyret.

Før ein har motteke informasjon frå rådmannen om kva som har blitt gjort med desse rapportane, blir det ikkje lagt fram forslag til vedtak.

Harald Rogne
dagleg leiar

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalet

Dato: 07.03.2011

**SAK 05/11
KONTROLLRAPPORT 2010 VEDKOMANE SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN
I STRANDA KOMMUNE**

Som vedlegg følger:

- Kontrollrapport 2010 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stranda kommune
- Årsrapport 2010 – skatteoppkrevjaren i Stranda kommune.

Staten har i fleire år hatt det totale ansvaret for kontroll og revisjon med skatteoppkrevjarfunksjonen. Riksrevisjonen har ansvaret for den formelle revisjonen av skatterekneskapen, mens oppfølginga av den interne kontroll hos skatteoppkrevjar, blir utført av skatteetaten.

Dei kommunevise skatterekneskapa blir avgjeve ovanfor Skattedirektoratet v/skatteetaten. Skatterekneskapen blir sett på som ein delrekneskap til Skatteetaten sin samla rekneskap. Den formelle revisjon er tillagt Riksrevisjonen, og vert utført som ein del av Riksrevisjonen sin kontroll av Skatteetaten si samla verksemd.

Riksrevisjonen sine konklusjonar etter den årlege revisjonen av skatterekneskapa vil bli kommunisert til Skattedirektoratet i avsluttande revisjonsbrev. Vesentlege og prinsipielle forhold vil i samsvar med gjeldande lover og reglar bli rapportert til Stortinget. Stortinget foretar desisjon (godkjenning) av Skatteetaten sitt samla rekneskap. Skattedirektoratet ser det difor ikkje lenger som naturleg at kommunestyret skal foreta ein formell desisjon av kommunen sitt skatterekneskap.

Etter ”Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne” skal skatteetaten innan den 15. februar året etter rekneskapsåret utarbeide ein kontrollrapport for skatteoppkrevjarfunksjonen i den enkelte kommune. Denne omfattar også rekneskapskontrollen som blir utført av skatteetaten. Rapporten blir sendt til kommunestyret i den enkelte kommune med kopi til Skattedirektoratet, Riksrevisjonen, skatteoppkrevjar og kommunen sitt kontrollutval.

Kommunestyret/kontrollutvalet skal etter det som er nemnt ovanfor ikkje lenger behandle sjølve skatterekneskapen, men får gjennom kontrollrapporten ei tilbakemelding på om skatte-

oppkrevjarfunksjonen blir utført på ein tilfredsstillande måte. Rapporten inneheld også eventuelle forslag til tiltak og forbetningspunkt. Skattedirektoratet set ingen formelle krav til formell behandling av kontrollrapporten i kommunestyret/kontrollutvalet, men føreset at kommunen følgjer opp eventuelle tiltak og forbetningspunkt.

Skatteetaten vil normalt ikkje møte ved ei eventuell behandling av kontrollrapport/skatterekneskap som kommunestyresak.

På bakgrunn av ovanstående legg ein saka fram for kontrollutvalet med forslag om slikt

v e d t a k :

Kontrollutvalet tek kontrollrapport vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Stranda kommune datert 11.02.2011 frå Skatteetaten til orientering..

Harald Rogne
dagleg leiar



Kommunestyret i Stranda kommune

6200 STRANDA

Kontrollrapport vedkommende skatteoppkrevarfunksjonen i Stranda kommune

Vi har gjennomført kontrollar knytt til skatteoppkrevjarfunksjonen for Stranda kommune for 2010. Rekneskapen viser per 31. desember 2010 ein skatte- og avgiftsinngang¹ til fordeling mellom skattekreditorane (etter frådrag for avsetjing til margin) på kr 366 793 368 og uteståande restansar² på kr 6 844 338, av dette krav stilla på vent på kr 435 975. Skatterekneskapen er avlagt av kommunen sin skatteoppkrevjar den 20. januar 2011.

1. Oppgåver og kontroll

Grunnlaget for skatteetaten sin kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen er ”*Instruks for skattekontorenes kontroll av skatteoppkreverne*” av 29. november 2007.

Skattekontoret har ansvaret for å avklare at skatteoppkrevjarfunksjonen verkar tilfredsstillande i høve til gjeldande regelverk på følgjande områder:

- Ressursar og tilpassa organisering
- Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av skatterekneskapen
- Skatte- og avgiftsinnkrevjing
- Arbeidsgjevarkontroll

Riksrevisjonen har ansvaret for revisjon av skatteoppkrevjarfunksjonen. Skatteetaten utfører oppgåvene med kontroll av skatteoppkrevjarfunksjonen.

2. Omfanget av kontrollen

Skattekontoret har ikkje gjennomført stadleg kontroll av skatteoppkrevjarkontoret i 2010. Siste stadlege kontroll vart halden 23. mai 2009.

Skattekontoret har i 2010 gjennomført kontorkontroll av skatteoppkrevjarkontoret for områda skatterekneskap, innkrevjing og arbeidsgjevarkontroll.

¹ Sum innbetalt og fordelt til skattekreditorane

² Sum opne (ubetalte) forfalne debetkrav



3. Resultat av utført kontroll

Basert på utført kontroll meiner skattekontoret følgjande:

- **Ressursar og tilpassa organisering**

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at skatteoppkrevjarkontoret er organisert slik at gjeremåla i høve til skatteoppkrevjarinstruksen kan utførast tilfredsstillande. Skattekontoret har ingen særskilte merknader til kontoret sin ressursituasjon.

- **Rekneskapsføring, rapportering og avlegging av rekneskap**

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk og gjev eit rettvis uttrykk for skatteinngangen i rekneskapsåret.


- **Skatte- og avgiftsinnkrevjinga**

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at utføringa av innkrevjingsarbeidet og oppfølginga av restansane i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk.

- **Arbeidsgjevarkontroll**

Etter ei samla vurdering finn skattekontoret at utføringa av arbeidsgjevarkontrollen i det alt vesentlege er i samsvar med gjeldande regelverk, retningsliner og vert utført i tilstrekkeleg omfang.


Med helsing


Rune Langsø Johansen
Avdelingsdirektør
Innkrevingsavdelingen
Skatt Midt-Norge


Stein-Ove Hjortland

Kopi til:

- Kontrollutvalet i Stranda kommune
- Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune
- Riksrevisjonen
- Skattedirektoratet



Årsrapport for 2010

**Skatteoppkrevjaren i
Stranda kommune**

1 Generelt om skatteoppkrevjaren si verksemd

1.1 Skatteoppkrevjarkontoret


1.1.1 Ressursar

Ressursfordeling

	Årsverk	%-andel fordelt
Antall årsverk ved SKO som berre er nytta til SKO-funksjonen i reknskapsåret	1,42	100 %
Ressursbruk ved SKO, fordeling av årsverk	-----	-----
Skattereknskap	0,60	42,25 %
Innfordring av skatt/arbeidsgiveravgift	0,30	21,13 %
Kontrollverksemd	0,32	22,54 %
Informasjon og rettleiing overfor skatte- og avgiftspliktige og reknskapsførarar/revisorar	0,05	3,52 %
Skatteutval	0,05	3,52 %
Administrasjon	0,10	7,04 %
(Andel fordelt skal vere 100 %)	Sum 1,42	100 %

1.1.2 Organisering

Skatteavdeling som del av økonomiavdelinga, Stranda kommune



1.1.3 Ressursar og kompetanse

Økonomisjefen er tillagd funksjonen som skatteoppkrevjar, jamfør skattebetalingslova § 48 nr. 1.

Økonomisjefen er dessutan ansvarleg for å utarbeide/koordinere budsjett og økonomiplan, for økonomioppfølging og rapportering, og for finansforvaltninga til kommunen. Stranda kommune bruker 1 heil stilling til skatteoppgåver. I tillegg bruker økonomisjefen om lag 10 % av arbeidstida til skatteoppkrevjarfunksjonen, og kommunen disponerer dessutan om lag 32 % av ei stilling i den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen. Til saman bruker kommunen såleis om lag 1,42 årsverk på arbeid med skatteinnkrevjinga.

Vi viser til instruks for skatteoppkrevjarar, § 3-2 nr.2, og gjev følgjande utgreiing om arbeidet ved skatteoppkrevjarkontoret i rekneskapsperioden.

Innkrevjingsarbeid og føring av skatterekneskapen ligg til konsulentstillinga. Saksførebuing til skatteutvalet og anna søknadsbehandling blir gjort av konsulent og skatteoppkrevjar i samarbeid.

Arbeidsgjevarkontrollen står for informasjon og rettleiing i samband med kontrollar. Generell informasjon og rettleiing har skatteoppkrevjaren ansvar for. Det blir gitt informasjon om reglar og retningsliner til alle nye arbeidsgjevarar.

Kontorkontrollen er det skatteoppkrevjarkontoret sjølv som står for. Det føres kontroll med at pliktige oppgåver blir levert til rett tid, og at dei er fullstendig og korrekt utfylte.

Arbeidsgjevarar som sender mangelfulle eller feil utfylte oppgåver, får tilbakemelding om dette. Det blir vidare ført kontroll med at betalinga skjer til rett tid. Kontorkontrollen blir utført løpande etterkvart som oppgåver og innbetalingar kjem inn.

Den heile stillinga som kontoret disponerer til skatteoppgåver, er nok til å utføre det daglege arbeidet med skatteinnkrevjing og føring av skatterekneskapet. Den ressursen som kommunen disponerer i den interkommunale arbeidsgjevarkontrollen er tilfredstillande.

Skatteoppkrevjaren har knappe ressursar til overordna planlegging.

Vi vurderer ressursituasjonen ved kontoret som tilfredsstillande. I tillegg til at skatteoppkrevjar og konsulent har eit nært samarbeid i ulike skattespørsmål, har økonomikonsulent ved avdelinga også fått opplæring i å handtere fleire oppgåver som gjeld skatt.

1.2 Internkontroll

1.2.1 Fullmakter og tilganger

Lars Birger Stige – skatteoppkrevjar har roller i Sofie som leiar

Anne Vibeke Korsedal – konsulent skatt har roller i Sofie som leiar

Magnhild Øye – avlastning skatterekneskap

Torhild Erstad - innsyn

Arbeidsgjevarkontrollen:

Sigrun Andersen – leiar

Olga Halsen

Marita Nogva

Eldrid Smogeli
Aslaug Trandal

1.2.2 Bankfullmakter

Fullmakt for disponering av konto i Nordea Bank Norge ASA, fullmakt gjeldande frå 30.11.2006:

- Lars Birger Stige
- Anne Vibeke Korsedal
- Torhild Erstad

1.2.3 Skattkasse og kontantinnbetaling

Kasse funksjonen er lokalisert på servicekontoret. Når det vert motteke kontantinnbetalingar, blir det skrive ut kvittering til skatteytar, og innbetalinga førast inn i kassedagboka for skatt. Pengane blir sett inn på konto for skatt seinast dagen etter at innbetalinga vart motteken.

1.2.4 Bankavstemming

Dagleg rutine. Skjema for bankavstemming vert brukt. Kontoutskrift og hovedboksrapport blir tatt ut. Arkivering i perm for dagsoppgjer.

1.2.5 Oppfølging av inn- og utbetalingar

Uidentifiserte innbetalingar blir fanga opp via arbeidslista og blir fortløpande plassert på rett plass. Innbetalingar som ikkje automatisk blir plassert, blir fortløpande plassert mot krav. Utbetalingar blir tatt fortløpande og gjennomført etter rutine for utbetaling som ligg på portalen – fagområder – regnskap - rutiner

1.2.6 Rekneskapsavstemming ved periodisk oppgjer

Rutine for periodeavslutning i SOFIE ligg på portalen - fagområder – regnskap – rutiner.

1.2.7 Oppfølging av arbeidslister

Arbeidslista i Sofie er under dagleg oppfølging.

1.2.8 Forfalte krav

Forfalte krav blir fanga opp via arbeidslista og forfalte aktivitetar.

1.2.9 Arbeidsgjevarkontroll

Interkommunal arbeidsgivarkontroll.

Stranda kommune er med i Interkommunal samarbeidsgruppe om arbeidsgjevarkontroll. Dette er eit samarbeid mellom kommunane Ålesund, Ørskog, Stranda, Stordal, Skodje, Sula, Giske, Haram, Midsund og Sandøy. Ålesund kommune er vertkommune.

1.2.10 Manuelle endringsavrekningar

Blir tatt hand om fortløpande. Rutine og veiledning på Sofie portalen blir fulgt. Ny avrekning vert sendt skattytar saman med brev frå Skattekontoret. Kopi til Skattekontoret og Regional kontrollenhet.

1.2.11 Dokumentasjon og arkivering av rekneskapsbilag

Rekneskapsbilag blir arkivert etter rutine for dokumentasjon og arkivering av bilag som ligg på portalen under – fagområder – regnskap – rutiner.

1.3 Vurdering av skatteinngangen

1.3.1 Total skatte- og avgiftsinngang i rekneskapsåret

Sjå Rapport Årsrekneskap – kommune – sammendrag.

1.3.2 Kommunen sin andel av skatteinngangen i rekneskapsåret

Sjå Rapport Fordeling til skattekreditorar - kommune

1.4 Skatteutval

Det var sendt 2 saker til skatteutvalet som kom i retur pga for liten dokumentasjon. Desse sakene blir det jobba vidare med i 2011.

2 Skatterekneskapet

2.1 Avlegging av skatterekneskapet

Avlegging av skatterekneskapet

Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune stadfestar at skatterekneskapet for 2010 er ført, avstemt og avlagt i samsvar med gjeldande forskrifter og retningslinjer, jf. Instruks for skatteoppkrevjarar § 3-1.

- Det er ikkje mottatt pålegg om rekneskapsføringa, rapporteringa og avlegginga av skatterekneskapet frå regional kontrollering.

Årsrekneskapet for 2010 følgjer som vedlegg til årsrapporten, og er signert av skatteoppkrevjaren.

2.2 Margin

2.2.1 Margin for inntektsåret 2009

Beskrivelse		Beløp
Avsetning margin for 2009, pr. 31.12.2009		24 866 038
Avsetning margin for 2009 i periode 1-6 i 2010	+	4 891 078
Sum avsetning margin for 2009	=	29 757 116
Bruk av margin for 2009		-29 757 116
Innestående margin for 2009	+	0
Utbetalt overskytande forskot for 2009		32 333 039
For lite avsett margin for 2009 (+)		2 575 923
For mykje avsett margin for 2009 (-)	=	

Marginprosent

Prosentats marginavsetning: 10 %.

2.2.2 Kommentar til marginoppgjøret

Marginavsetning for inntektsåret 2010, pr. 31.12.2010 kr. 25 806 549

Gjeldande prosentats: 10%

3 Innfordring av krav**3.1 Restanseutviklinga****3.1.1 Totale restanser (forfalte debetkrav) pr. 31.12.2010 for skatt og arbeidsgjevaravgift**

	Restanse – sum pr. skatteart	Herav berostilt restanse
Skatteart		
Sum restanse pr. skatteart	6 810 800	435 975
Arbeidsgjevaravgift	823 859	0
Artistskatt	0	0
Forsinkelsesrenter	249 441	5 459
Forskotsskatt	556 554	0
Forskotsskatt - person	1 233 037	179 971
Forskotstrekk	377 115	0
Gebyr	0	0
Innfordringsinntekter	55 767	1 115
Inntekt av summarisk fellesoppgjer	0	0
Kjeldeskatte	0	0
Restskatt – person	2 496 279	249 430
Restskatt	1 018 748	0
Sum restanse diverse krav	33 538	0
Diverse krav	33 538	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav	6 844 338	435 975

3.1.2 Totale restanser (forfalte debetkrav) pr. 31.12. 2009 for skatt og arbeidsgjevaravgift

		Restanse – sum pr. skatteart	Herav berostilt restanse
Skatteart			
Sum restanse pr. skatteart		6 066 778	435 974
	Arbeidsgjevaravgift	413 656	0
	Artistskatt	0	0
	Forsinkelsesrenter	207 107	5 459
	Forskotsskatt	425 724	0
	Forskotsskatt - person	1 395 539	179 971
	Forskotstrekk	320 268	0
	Gebyr	0	0
	Innfordringsinntekter	54 275	1 115
	Inntekt av summarisk fellesoppgjer	0	0
	Kjeldeskatt	0	0
	Restskatt – person	2 747 070	249 429
	Restskatt	503 139	0
Sum restanse diverse krav		39 072	0
	Diverse krav	39 072	0
Sum restanse pr. skatteart inkl. diverse krav		6 105 850	435 974

3.1.3 Kommentarer til restansesituasjonen og utviklinga i restanser

Skatteart		Restanse – sum pr. skatteart 31.12.2010	Restanse - sum pr. skatteart 31.12.2009	Endring
Skatteart				
Sum restanse pr. skatteart		6 810 800	6 066 778	-744 022
	Arbeidsgjevaravgift	823 859	413 656	-410 203
	Artistskatt	0	0	0
	Forsinkelsesrenter	249 441	207 107	-42 334
	Forskotsskatt	556 554	425 724	-130 830
	Forskotsskatt – person	1 233 037	1 395 539	162 502
	Forskotstrekk	377 115	320 268	-56 847
	Gebyr	0	0	0
	Innfordringsinntekter	55 767	54 275	-1 492
	Inntekt av summarisk fellesoppgjer	0	0	0
	Kjeldeskatt	0	0	0
	Restskatt – person	2 496 279	2 747 070	250 791
	Restskatt	1 018 748	503 139	-515 609

- Stranda kommune har nokre store enkeltrestansar som er under arbeid
- Innfordringa har gitt best resultat for forskotsskatt person og restskatt person.

3.1.4 Kommentarer til restanser eldre år

Inntektsår	Sum restanse (debet)	Herav skatteart "Restskatt – person"
2008	6 741 133	2 920 474
2007	3 798 419	1 840 271
2006	Fekk ikkje tal i rapporten	
2005 – 19XX	Fekk ikkje tal i rapporten	-----

3.1.5 Kommentarer til restanseoppfølginga for eldre år

Kontoret har gjennomgått rapporten "Restanseliste – forelda krav" dato t.o.m. 31.12.2010 og sikra at krav ikkje blir forelda utan at det er sett i verk tiltak.

Når innfordring ikkje har gitt resultat, blir skattytar fulgt opp ved søk i arbeidsgjevarregister og eigedomsregister for evt. utleggstrekk/utleggsforretning.

Antall krav som var forelda pr. 31.12.2010: 4
Samla beløp på krav som var forelda pr. 31.12. 2010: 190 041,-

3.2 Innfordringa sin effektivitet

3.2.1 Vurdering av kontoret sitt resultat pr. 30.06.2010

Restskatt person '08	Innbetalt 97,4	Innfordra 87,9	Krav 91,8
Arbeidsgjevaravgift '09	Innbetalt 99,8		Krav 99,7
Forskotstrekk '09	Innbetalt 99,9		Krav 99,9
Forskotsskatt '09	Innbetalt 98,2		Krav 98,4

Resultata vert vurdert som gode.

3.2.2 Vurdering av i kva grad, og korleis innfordringsaktiviteten har påverka innfordringsresultatet

Innfordringsinnsatsen har gitt gode resultat.

3.3 Særnamskompetanse

Skatteoppkrevjaren i Stranda kommune har ikkje nytta seg av særnamskompetanse i 2010.

4 Arbeidsgjevarkontroll

4.1 Kontoret sitt resultat pr. 31.12. 2010

Antall planlagte kontroller for 2010: 5 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller 2010: 10

Som utgjør: 3,9 % av totalt antall leverandører av LTO i kommunen.

Antall gjennomførte kontroller i 2009: 9

4.1.1 Organisering av arbeidsgjevarkontrollane – deltaking i interkommunal samarbeidsordning eller anna løysing.

Stranda kommune er med i interkommunal samarbeidsgruppe om arbeidsgjevarkontroll. Dette er eit samarbeid mellom kommunane Ålesund, Ørskog, Stranda, Stordal, Skodje, Sula, Giske, Haram, Midsund, Sandøy og Norddal. Ålesund kommune er vertskommune.

4.1.2 Antall kontroller med resultat, herunder avdekkta beløp, eigenretting og avdekking av uregistrerte arbeidstakarar:

6 av 10 kontrollar med avdekkta beløp.


4.1.3 Vurdering av aktiviteten på arbeidsgjevarkontrollområdet i rekneskapsåret

Det vart beklageligvis ikkje oppnådd antall rapporter i år heller og tid er overskreden med ca 18 DV, som vil redusere ressurs i 2011. Vi hadde 3-4 kontroller som krevde mykje framtilbake for innhenting av dokumentasjon etc, og ein har vi ikkje greid å ferdigstille.

4.1.4 Gjennomførte informasjonstiltak

Informasjonsdag retta mot rekneskapsførarar/revisorar/arbeidsgjevarar.

6200 Stranda, 20.01.2011



Skatteoppkrevjaren sin signatur

Vedlegg: Årsreknskapet for 2010 - signert av skatteoppkrevjaren.

Årsregnskap - kommune - sammendrag

Utvalgskriterier: Komm nr : '1525', Ar : '2010', Hovedbokstype : 'K'

	Valgt år	Forrige år
Likvider	28 154 095	28 424 218
Skyldig skattekreditorene	-2 270 994	-3 505 718
Skyldig andre	-76 548	-52 458
Innestående margin	-25 806 549	-24 866 038
Udisponert resultat	-4	-4
Sum	0	0
Arbeidsgiveravgift	-66 168 267	-63 605 013
Personlige skatteytelere	-282 198 535	-278 073 676
Selskapsskatt	-19 033 626	-21 788 348
Renter	719 243	435 356
Innførdning	-112 183	716
Sum	-366 793 368	-363 030 965
Fordelt til Folketrygden - arbeidsgiveravgift	66 168 267	63 605 013
Fordelt til Folketrygden - medlemsavgift	76 036 769	74 357 516
Fordelt til Fylkeskommunen	17 925 146	17 654 863
Fordelt til kommunen	94 962 344	91 367 280
Fordelt til Staten	111 700 842	116 046 292
Krav som er ufordelt	-0	1
Sum	366 793 368	363 030 965
Sum totalt	0	0

Stranda, 20.01.2011
Karl Hagen
skatteoppkøper

Forklaring til årsregnskapet

Skatteregnskapet er avlagt etter kontantprinsippet. Skatteregnskapet viser skatter og avgifter mv. som er innbetalt i løpet av regnskapsåret.

Innbetalte skatter og avgifter mv. er fordelt til kommunen, fylkeskommunen, folketrygden og staten (skattekreditorene), etter gjeldende fordelingstall.

Sumlinjene i årsregnskapet

- **Likvider**
Likvidene i skatteregnskapet består av bankbeholdning for skatt og eventuelt kontantbeholdning.
- **Skyldig skattekreditorene**
Fordelingsoppgjøret til skattekreditorene for desember, står som gjeld i balansen pr. 31.12. Skatteoppkreveren skal utbetale fordelingsoppgjøret til skattekreditorene senest 10. januar.

Dersom dette er et positivt beløp, har skatteoppkreveren en fordring på skattekreditorene. Skattekreditorene skal innbetale dette beløpet til skatteoppkreveren senest 20. januar.
- **Skyldig andre**
Dette beløpet er uidentifiserte og uplasserte innbetalinger, som ikke er fordelt til skattekreditorene.
- **Udisponert resultat**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.
- **Innbetalte skatter og avgifter, Renter, Innfordring**
Dette beløpet er innbetalt arbeidsgiveravgift, forskuddstrekk fratrukket marginavsetning, forskuddsskatt for personlige og upersonlige skattytere, restskatt og overskytende forskudd for personlige og upersonlige skattytere, kildeskatt, samt renter og gebyrer.
- **Fordelt til skattekreditorene**
Dette er innbetalte skatter og avgifter, renter og gebyrer som er fordelt til skattekreditorene.
- **Krav som er ufordelt**
Dette skal være et lite beløp som skyldes øreavrunding i skatteregnskapssystemet.

**SUNNMØRE
KONTROLLUTVÅLSEKRETARIAT IKS**

Kontrollutvalget

Dato: 07.03.2011

**SAK 08/11
HØYRINGAR I KONTROLLUTVALET**

Som vedlegg følgjer:

- Brev frå KS Advokatene datert 13.09.2010 om høringar i kontrollutvalget – spørsmål om møteplikt – vurdering av reglementsbestemmelse
- Gjeldande reglement for Stranda kontrollutval

I sak 06/11 den 22.02.2011 gjorde kontrollutvalet slikt vedtak:

1. *Kontrollutvalet tek eINFO 10/23 til orientering.*

Dette vart samrøystes vedteke

2. *Kontrollutvalet ber om at det til neste møte blir lagt frå eit reglement for kontrollutvalet som inkluderer opne høringar.*

Dette vart vedteke med 3 mot ei stemme.

Praksis fram til no har vore at rådmannen eller leiarar for foretaka har blitt kalla inn til møte for å gjere greie for saker der kontrollutvalet har hatt behov for informasjon. Rådmannen har sjølv teke med seg underordna eller sendt andre i staden sin når det har vore behov for det. Møta har vore opne og i prinsippet kan det vere lite som har skilt desse møta frå det som vil kunne vere standarden i ei høring, men ei høring må vere kunngjort som høring og gjennomførast etter førehandsbestemte prosedyrar.

Kontrollutvalet har krav på å få seg førelagt all informasjon og kan utan hinder av teieplikt krevje framlagt ei kvar opplysning, utgreiing eller eit kvart dokument som det finn nødvendig so lenge føremålet er tilsyn og kontroll jf kommunelova. lov §77 nr.7 og § 5 i kontrollutvalforskrifta.

Men rådmannen og andre vil, teoretisk sett, kunne påberope seg retten til å legge fram all informasjon skriftleg og ikkje akseptere å gi munnleg informasjon i eit ope møte eller open høring. For å få ei sak tilstrekkeleg belyst vil det ofte vere behov for også ei munnleg orientering ettersom det både vil bli omstendele, tidkrevjande og lite effektivt dersom all

informasjon berre skal skje skriftleg. Dette har hittil ikkje vore ei problemstilling i Stranda kommune og møta har hittil ikkje blitt lukka for å få fram munnleg informasjon.

Av omsyn til også andre forhold kan det vere behov for at kontrollutvalet utviklar køyrereglane sine vidare. Det er viktig at både kontrollutvalet og rådmannen er kjent med reglane dersom ein vil kalle inn underordna personell i eit ope kontrollutvalmøte. Det er mykje som tyder på at slikt oppmøte og å gi munnleg informasjon i eit ope møte må vere frivillig i motsetning til i eit lukka møte.

Eit anna forhold er at kontrollutvalet bør ha høve til å kalle inn underordna personell i eit lukka møte utan å ta dette opp med rådmannen dersom dette skulle vere nødvendig. Kontrollutvalet kan også kalle inn/invitere både politikarar og utanforståande til ei høyring.

Høyringar kjem ikkje fram i kommunelova og heller ikkje av forarbeida til lova. Det er ikkje til hinder for at kontrollutvalet kan nytte seg av ei slik ordning når utvalet finn det formålstenleg. Høyringa skal ikkje vere ein del av møtet slik at det skal ikkje vere meiningsutvekslingar eller avrøysting medan denne varer. Utvalet skal ta stilling til korleis opplysningane som kom fram i høyringa skal følgjast opp.

På bakgrunn av ovenstående blir saka lagt fram for kommunestyret med forslag om slikt

innstilling:

Nytt punkt 2,5 i reglementet for Stranda kontrollutval lyder slik:

Opne/lukka møte

Kontrollutvalet sine møte skal haldast for opne dører. I dei tilfella utvalet skal behandle opplysningar som er underlagt teieplikt eller det ut i frå andre saklege omsyn er nødvendig, skal møtet lukkast.

Kontrollutvalet kan ha opne eller lukka høyringar. Kontrollutvalet kan pålegge alle tilsette å forklare seg munnleg i ei lukka høyring. I ei open høyring er dette frivillig. Kontrollutvalet kan kalle inn/invitere folkevalde og eksterne til høyringar. Desse har ikkje møteplikt verken i opne eller lukka høyringar. Høyringar er ikkje ein del av møtet. Som hovudregel skal kontrollutvalet gå via rådmannen ved innkalling av underordna personell.

Kontrollutvalget fastset sjølv retningslinjer for høyringar.

Harald Rogne
dagleg leiar

Nærare retningslinjer for høyringar i kontrollutvalet - fastsett i medhald av § 5.2 i kontrollutvalets reglement (kom-sak XXX/11)

1.0 Opne høyringar

I medhald av § 5.2. i kontrollutvalets reglement, kan utvalet avhalde høyringar innanfor sitt ansvarsområde. Med høyring meinast eit møte der utvalet mottok munnleg informasjon frå personar som er innkalla for å gi opplysningar i ei spesiell sak eller saksområde, og som er kunngjort som høyring.

Eit fleirtal av utvalsmedlemene kan bestemme at det skal arrangerast høyring.

Kontrollutvalet har lovbestemt rett til informasjon og kan utan hinder av teieplikt krevje framlagt ei kvar opplysning, utgreiing eller eit kvart dokument som det finn nødvendig for å gjennomføre sine oppgåver (k. lov §77 nr.7).

Høyringa skal i utgangspunktet vere open, men utvalet kan med vanleg fleirtal avgjere at heile eller delar av høyringa skal vere lukka. Eksempelvis kan utvalet berre ta mot opplysningar som er underlagt teieplikt i lukka møte. Vidare kan møtet lukkast dersom den som er innkalla eller invitert ikkje ønskjer å gi ei munnleg framstilling i ope møte.

I ei opa høyring kan ikkje medlemene i utvalet gjengi eller vise til opplysningar som er fortrulege.

1.1 Formål

Formålet med desse retningslinjene er å sikre kontrollutvalet sitt informasjonsbehov, legge til rette for ei forsvarleg gjennomføring av høyringa, og å sikre rettstryggleiken til dei som blir kalla inn til høyringa. *Opne* høyringar har i tillegg til å dekkje utvalets informasjonsbehov det formål å gjere dei opplysningane som kjem fram offentleg tilgjengeleg.

1.2 Førebuing av høyringa

Før høyringa gjennomfører kontrollutvalet eit saksførebuaende møte. På dette møtet skal utvalet gå gjennom kva for problemstillingar som ein ønskjer å fokusere på. Det skal vidare fastsettast ein framdriftsplan for møtet, bl.a. tidsramme, rekkjefølgje av innlegg og hovudspørsmål.

1.3 Innkalling til høyring

Utvalet bestemmer kva for personar som skal innkallast eller inviterast. Alle tilsette i kommunen kan innkallast til å gi munnleg informasjon til eit lukka møte. Innkallinga skal gå gjennom rådmannen, som også har høve til å vere til stades. Det er frivillig å møte og frivillig å gi forklaringar i ei open høyring. (jfr.1.0, 4.avsnitt).

Kontrollutvalet kan også invitere folkevalde og eksterne personar til høyringar for å gi informasjon til opplysning av eit saksforhold som ligg under utvalet sitt mandat å undersøke nærare. Deltaking her er på frivillig basis uavhengig av om møtet er ope eller lukka.

1.4 Rettar for den innkalla/inviterte

Innkallinga skal sendast i så god tid som muleg. Det skal opplysast kva for sak eller saksområde som er tema for høyringa, og informerast om retten til å reservere seg mot å gi opplysningane i ope møte. Kopi av dette reglementet skal følgje innkallinga.

Den innkalla skal 1) ha tilgang til utvalets saksdokument dersom desse ikkje er underlagt teieplikt. 2) ha høve til å stille med medhjelpar/rådgjevar og 3) kunne avgjere sjølv om ein vil svare på utvalets spørsmål, og eventuelt be om å få gi forklaring i lukka møte.

1.5 Gjennomføring av høyringa

Leiaren i utvalet innleiar høyringa med å orientere om temaet og dei prosedyrar som gjeld. Høyringa blir leia av utvalsleiaren eller den han/ho peikar ut. Møteleiaren bestemmer taletid for innlegg og kven som skal stille spørsmål.

Før utspørjinga startar, skal den som er innkalla ha høve til å gi ei framstilling av saka. Etter at hovudutspørjar er ferdig med sine spørsmål, kan utvalsmedlemene stille oppfølgingsspørsmål. Den innkalla skal ha høve til å samanfatte saka etter at utspørjinga er ferdig.

Meiningsutveksling mellom utvalsmedlemene skal ikkje finne stad under høyringa.

Det skal ikkje voterast eller trekkjast konklusjonar under høyringa. Utvalet avgjer i seinare møte korleis opplysningane som har kome fram under høyringa skal følgjast opp.

Det skal førast referat frå høyringa.

1.6 Innhenting av informasjon til ordinære møte

Utvalet kan innkalle eller invitere personar som kan gi informasjon til opplysinga av ei sak, utanfor det alminnelege ordskiftet i eit ordinært møte. Dette er ikkje definert som "høyring", og dei tilsvarande prosedyrar gjeld ikkje. Reglane for kven som kan innkallast er dei same som for ei høyring.

1.7 Kunngjering

Høyringar i kontrollutvalet skal kunngjerast.

Trondheim kommune
Rådhuset
7004 TRONDHEIM

Advokater MNA
Børge Benum – leder
Nina Ramstad Aatto
Tor Allstrin
Håkon Andreassen
Gry Brandshaug Dale
Øyvind Gjelstad
Ema Larsen
Tove Lene Mannes
